

REGLAR FOR BRUK AV GRANVIN HERAD SITT HERADSVÅPEN

1. Granvin herad sitt våpen, fastsett i statsråd 13. mai 1988 er:

"På grøn grunn ei gull fele, skråstilt venstre-høgre."

2. Granvin herad sitt flagg skal vera:

"På grøn grunn ei gul fele, skråstilt venstre- høgre."

3. Innafor råma av den våpendefinasjon som er fastsett i resolusjonen, vil ein kunna variera utforminga av våpenet etter bruken i kvart einskild høve, men likevel slik at våpenidentitet og heraldisk stil er den same.

4. Generelt om bruk.

Som hovudregel kan våpenet berre brukast av heradet og heradet sin administrasjon og institusjonar.

Bruk av våpenet på souvenirar for sal er ikkje tillate. Formannskapet kan i særskilde høve dispensera frå denne regelen. Når slik dispensasjon vert gjeve, skal formannskapet samstundes setja krav til kvalitet på souvenirane og til korleis våpenet skal verta attgjeve.

Våpenet må ikkje brukast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn.

5. Bruk av våpenskjold.

Våpenskjold skal brukast med fargane sine når det ikkje føreligg særskilt løyve frå formannskapet om anna bruk.

På brevark, møtebokblad og konvoluttar for kommunale etatar og institusjonar, og på heradet sine brosjyrar og lysingar, kan våpenskjoldet godkjennast prenta i svart/kvitt.

Våpenskjoldet kan nyttast som eigarmerke på heradet sine bygningar, bilar og andre eignalutar og som dekor på kommunale representasjonsgåver.

Våpenskjoldet i fargar kan etter avgjerd av formannskapet nyttast til jakkemerke m.v. for kommunale tillitsvalde og tilsette.

6. Bruk av heradsflagg.

Flagget kan heisast ved Heradshuset eller anna kommunal bygning når heradsstyret har møte, og elles når ordføraren tek avgjerd om det.

7. Bruk av våpenet i faner, vimplar m.v.

Våpenet kan utførast som bordflagg, tverrskore eller i vimpelform, til bruk som dekorasjon ved kommunale tilskipingar eller som representasjonsgåve frå heradet.

Til dekorativt bruk kan flagget utformast og nyttast som hengjande banner etter nærare reglar gjevne av formannskapet.

8. Bruk av våpen i segl og stempel.

Segl kan framstillast som oblatsegl/stempel til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar o.l..

Formannskapet godkjenner framlegg til segl og stempel.

Framlegg dagsett 4. januar 1990.

Vedtekne av Granvin heradsstyre 8. februar 1990, sak nr. 7/90.